

## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	Hovudutval for kultur, idrett og integrering
<b>Møtestad:</b>	Fjernmøte
<b>Dato:</b>	28.04.2021
<b>Tid:</b>	09:00-13:50

### Følgjande faste medlemer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Stian Jean Opedal Davies	Leiar	A
Sandra Edith Kalland Tenud	Medlem	A
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Geir Kjell Andersland	Nestleiar	V
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP
Hilde Horpen	Medlem	SP
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG
Symphorien Pombe	Medlem	SV
June Vibecke Knudtsen	Medlem	H
Indrevik		
Hege Nygård Dale	Medlem	UA
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Bjarte Vatnøy	Medlem	FRP
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP
Terje Kollbotn	Medlem	R

### Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Lise-May Sæle	Medlem	H

### Følgjande varamedlemer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Bjørn Loe Nyhuus	Lise-May Sæle	H

### Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Per Morten Ekerhovd	fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering
Ronny Skar	sekjonssjef kunst- og kulturutvikling
Siri Ingvaldsen	sekjonssjef kultурformidling
Britt Karen Spjeld	sekjonssjef idrett og friluftsliv
Arnt Ola Fidjestøl	sekjonssjef arkiv
Elin Golten	sekjonssjef bibliotekutvikling
David Sandved	sekjonssjef kulturarv
Ingeborg Erikstad	Direktør inkludering, strategi og analyse
Silje Lyngstad	rådgjevar politisk sekretariat/ møtesekretær

**Saksliste**

Utvale-saksnr	Innhold	Arkiv-saksnr	U.Off
<b>Godkjenningssaker</b>			
GK 7/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/21	Godkjenning av møteprotokoll fra møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering 25.03.2021	2020/41027	
<b>Referatsaker</b>			
RS 35/21	Årsrapport 2020 for KG2021 - framtidas kunstgrasbaner	2020/36505	
RS 36/21	Aktive Gamere - digital konferanse om e-sport og gaming i Vestland 7. mai	2020/41070	
RS 37/21	Kopi av søknad fra Moster 2024 til Kulturdepartementet	2020/46066	
RS 38/21	Innspel som gjeld medfinansiering av kulturygg i Vestland	2021/855	
RS 39/21	Den kulturelle skulesekken (DKS) - etablering av tilsvarende ordning i Montenegro	2021/7508	
RS 40/21	Nærøyfjorden Verdsarvpark - Handlingsplan 2021	2020/73344	
RS 41/21	Meld. St. 23 (2020-2021) Musea i samfunnet. Tillit, tid og ting.	2021/16877	
<b>Skriftlege spørsmål</b>			
SI 8/21	Spørsmål fra Kollbotn (R) - Statkraft og trappene Høyanger	2021/675	
SI 9/21	Spørsmål fra Kollbotn (R) - Jølster hotell	2021/675	
<b>Politiske saker</b>			
PS 56/21	Verdsarsenter i Vestland fylke	2021/15531	
PS 57/21	Havbyen Bergen	2021/16614	
PS 58/21	Justering av driftstilskot til kulturinstitusjonar omfatta av vedtaksfesta fordeling - romertalsvedtak i Stortinget	2021/229	
PS 59/21	Nyskapande aktivitetsanlegg - delegering av mynde	2021/4819	
PS 60/21	Fordeling av tilskot til friluftsaktivitet 2021 (Kap 1420 post 78)	2020/79907	
PS 61/21	Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom 2021	2021/174	
PS 62/21	Tildeling av tilskot til tekniske og industrielle kulturminne 2021 - statsbudsjettet kap 1429 post 72	2020/75292	
PS 63/21	Prosjektet Kraftturisme. Oppleveling i det vestnorske kraftlandskapet. Disponering av fondsmidlar	2020/36559	
PS 64/21	Stranges Stiftelse, Klostergaten 28, Bergen kommune. Fredningsforslag til høyring og offentleg ettersyn.	2020/72067	
PS 65/21	Høyringsuttale om fusjon av Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane og Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane	2021/7642	
PS 66/21	Fylkesstein for Vestland	2021/675	
PS 67/21	Styregodtgjersle for Teater Vestland AS	2020/51645	

## **Godkjenningssaker**

### **GK 7/21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021**

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

### **GK 8/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering 25.03.2021**

**Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021**

Møteprotokoll frå møte 25.03.2021 vart godkjent utan merknader.

## **Referatsaker**

### **RS 35/21 Årsrapport 2020 for KG2021 - framtidas kunstgrasbaner**

**Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021**

Vart referert.

### **RS 36/21 Aktive Gamere - digital konferanse om e-sport og gaming i Vestland 7. mai**

**Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021**

Vart referert.

### **RS 37/21 Kopi av søknad frå Moster 2024 til Kulturdepartementet**

**Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021**

Vart referert.

### **RS 38/21 Innspel som gjeld medfinansiering av kulturbrygg i Vestland**

**Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021**

Vart referert.

### **RS 39/21 Den kulturelle skulesekken (DKS) - etablering av tilsvarande ordning i Montenegro**

**Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021**

Vart referert.

### **RS 40/21 Nærøyfjorden Verdsarvpark - Handlingsplan 2021**

**Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021**

Vart referert.

### **RS 41/21 Meld. St. 23 (2020-2021) Musea i samfunnet. Tillit, tid og ting.**

**Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021**

Vart referert.

## **Skriftlege spørsmål**

## SI 8/21 Spørsmål frå Kollbotn (R) - Statkraft og trappene Høyanger

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021

### Spørsmål frå representanten Terje Kollbotn (R):

På sist møte i Hovedutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylke den 25.mars vart det handsama ei sak om tilskot til eit forprosjekt «K1 Høyanger - ein spektakulær attraksjon i hjartet av Norge».

Utalet gjorde eit samråystes vedtak om å løyve kr. 250.000 frå fylket til Høyanger Næringsutvikling AS som delfinansiering av prosjektet. Desse midlane er henta frå Riksantikvaren sitt verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet.

Få dagar etter kunne Ytre Sogn Avis og deretter NRK Vestland melde at eigaren av det gamle kraftanlegget K1 i Høyanger, Statkraft, hadde bestemt seg for å stenge og deretter rive desse trappene. Dette vedtaket var ifylgje kraftverksjefen i Statkraft i Sogn grunngjeve både med HMS-omsyn og at det låg utanfor Statkraft sitt ansvar å ta vare på dette kulturminnet.

Dette vedtaket i Statkraft har skapt sterke reaksjonar både lokalt, regionalt og nasjonalt. Statkraft har tidlegare gjort likande vedtak om å rive trallebanar og trapper i andre eldre kraftanlegg, t.d. i Tyssedal, Ålvik og Glomfjord - krafthistoriske kulturminner som har vore til stor glede for lokalbefolkninga og tilreisane.

På denne bakgrunnen vil eg gjerne reise fylgjande spørsmål i utvalsmøtet 28.april:

1. Kva ansvar har Statkraft som statleg kraftselskap og eigar av desse trappene langs røygata for å halde dei vedlike som ein viktig del av krafthistoria og ein viktig del av samfunnsansvaret i kraft- og industrisamfunnet Høyanger?
2. Kva kan og kva vil Vestland fylkeskommune gjere for å sikre at desse trappene blir tatt vare på til glede og nytte for både lokalbefolkninga i Høyanger og storsamfunnet

### Svar på spørsmål:

1. Det er eit felles ansvar å ta vare på kulturarv og bidra til at den vert forvalta på en god måte. I Noreg har Klima- og miljødepartementet det overordna, sektorovergripande ansvaret for forvalting av kulturmiljø. I samsvar med sektorprinsippet har alle departement og underliggende verksemder eit sjølvstendig ansvar for kulturmiljø i eigen sektor. Det ansvaret inneber mellom anna å lage oversikter over kulturmiljø med høg kulturhistorisk verdi i eigen sektor og sikre at disse vert teke vare på. Sektorane har også ansvaret for å sikre at omsynet til kulturmiljø blir ivaretatt i eigen politikk, både når det gjeld myndesutøving og bruk av relevante verkemidlar. Sektorprinsippet vart tydeleg da kongeleg resolusjon [Forvaltning av statens kulturhistoriske eidegoodmar](#) i 2006 slo fast at sektorane skulle lage landsverneplanar. Forutan dei kulturminna som vert dokumentert før riving, har landsverneplanane to verneklasser: 1. for freding etter kulturminnelova og 2. for bevaring sektorinternt eller juridisk vern med heimel i plan- og bygningslova.

Kulturhistoriske eidegoodmar som skal fredast i ein landsverneplan vert valt ut av sektoren sjølv, i samråd med Riksantikvaren. For å forankra landsverneplanane har mange av desse vore på ha ein høyring i eigen sektor, i kommunar og fylkeskommunar. Statkraft sin landsverneplan legg opp til at [10 anlegg vert freda som nasjonale kulturminne etter kulturminnelova](#).

Høyanger-anlegga er ikkje prioritert for freding i Statkraft sin eigen verneplan. Verneplanen har heller ikkje vore på høyring til kommunar eller fylke.

Vestland fylkeskommune har ikkje vore samd i utvalet av dei 10 anlegga som vert freda, og har i lang tid vurdert Høyanger som kulturmiljø til å ha nasjonal verdi. Vestland fylkeskommune meiner framleis at kraftlandskapet i Høyanger er av høg kulturhistorisk verdi, og det vert difor no inkludert i Riksantikvarens registrering av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA). Høyanger er ein viktig industristad på Vestlandet og kommunen sjølv vektlegg å ta vare på denne delen av historia i sin kulturmineplan: «Når det gjeld kraftanlegg er den førsteutbygginga i 1916-17 særstilt viktig for Høyanger si historie og identitet. Det var då industrieventyret byrja. Dette anlegget er i ettertid omtalt som Kraftanlegg 1 og omfattar Kraftstasjon 1, røygater, trallebane, trapper og dammar i fjellet.» I gjeldande kommuneplan for Høyanger er K1 med røygate og trappeanlegg regulert til omsynssone bevaring.

Vi meiner Statkraft har eit ansvar for å ta vare eigne kulturminne og vi meiner at trappene langs røygata er eit definert kulturminne. Om Statkraft fredar ti anlegg etter kulturminnelova unngår dei ikkje plikta til å ta vare på kulturminne regulert til bevaring etter plan- og bygningslova. Sjølv eit statleg selskap må forhalsa seg til både regionale og lokale styresmakter. Miljøminister Sveinung Rotevatn har i samband med denne saka peika på at trappene i Høyanger i første omgang er ei sak for kommunen og Vestland fylkeskommune og «[Dersom den regionale styresmakta meiner at det er grunnlag for det, kan ho vurdere ei mellombels freding.](#)»

2. Administrasjonen har vore i dialog med Høyanger kommune om saka og det er stor semje mellom lokale og regionale styresmakter om bevaring av trappene i Høyanger. Vestland fylkeskommune arbeidet vidare saman med Høyanger kommune, Høyanger Næringsutvikling og Statkraft med eit lokalt verdiskapingsprosjekt knytt til Høyanger: «[K1 Høyanger - Bevaring og reisemålsutvikling](#)». Saman med Rogaland fylkeskommune arbeider vi også med eit større regionalt prosjekt knytt til «[Kraftturisme - opplevingar i det vestnorske kraftlandskap](#)», der Høyanger er pilot saman med [kraftanlegget i Tyssedal](#) og [trappene ved Flørli kraftverk](#) i Lysefjorden.

Administrasjonen arbeidar også opp mot nasjonale styresmakter. Statkraft fekk i 2010 NVE til å utarbeide eit framlegg til landsverneplan. Den vart ikkje godkjent av Statkraft, men vart lagt til grunn for eit smalare utval på 10 anlegg. Det har vore usemje mellom regional kulturminneforvaltning på eine sida, og Statkraft og NVE på andre sida, om verdisetting og forvaltning av fleire verneverdige kulturmiljø i kraftsektoren. Å harmonisere desse syna var ein viktig grunn til at NVE og Riksantikvaren i 2020 inviterte Vestland og Rogaland fylkeskommunar til å ta del i eit «Forprosjekt om revisjon av listeføring av verneverdige kulturmiljø i kraft- og vannsektoren». Arbeidet Vestland fylkeskommune har gjort med å identifisere verneverdige kulturmiljø i kraftsektoren har pågått i 2020 og 2021. Høyanger er mellom dei verneverdige anlegga Vestland fylkeskommune har spelt inn til NVE og Riksantikvaren. Forprosjektet er no i sluttfasen, og vert lagt til grunn for utrulling i heile landet.

Utvalsleiar vil også supplere fylkesdirektør sitt svar:

Utvalsleiar viser til den nemnde [mediesaka i NRK Vestland](#), kor han kom med følgjande uttale:

*«Stian Jean Opedal Davies er utvalsleiar i Hovudutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylkesting.*

*- Eg meiner det er problematisk at Statkraft spring frå samfunnsansvaret som ligg i å ta vare på det kulturminnet og det området som er så viktig for Høyanger, seier Davies.*

*Han meiner fylkeskommunen først og fremst må gå i dialog med kommunen og Statkraft, men fylkeskommunen har eit verktøy til: Mellombels freding.*

*- Det er det stengaste og sterkaste verktøyet vi har, og vi er villige til å bruke det om det skulle måtte gå så langt, seier Davies.»*

I tillegg har utvalsleiar vore i god kontakt med ordførar i Høyanger om korleis vi kan løyse utfordingane som kraftverkstrappane og heile anlegget står overfor. Vedtaksmynde om mellombels freding er delegert til fylkesrådmannen, men det kan være aktuelt med ein sak for utvalet om anlegget i Høyanger.

## SI 9/21 Spørsmål frå Kollbotn (R) - Jølster hotell

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021

Spørsmål frå representanten Terje Kollbotn (R):

Jølster hotell er eit hotell bygd i sveitserstil i tre etasjar og oppført i 1888. Hotellet har også vore pensjonat og no sist nytta til asylmottak i to periodar, no sist i perioden 2010 - 2017. Magne Støfring kjøpte hotellet etter nedlegginga av asylmottaket og selde hotellet til Coop. Eigedomssjefen i Coop seier at det ikkje er klart om dei riv hotellet eller bygger om til butikklokale. Fylkeskommunen har god kjennskap til kulturminneverdien av hotellet og har tidlegare kome med råd til istandsetting og tilstandsvurdering av hotellet. Ein av tidlegare eigarar har også søkt Norsk

Kulturminnefond om midlar, men fekk avslag. Fagpersoner har uttalt til avisas Firda nyleg om at hotellet i hovudsak er i god stand.

Nyhenda om at hotellet er selt til Coop har vekt reaksjonar og bekymring lokalt, regionalt og nasjonalt. Raudt er bekymra for at eit slikt kulturminne risikerer å bli rive til fordel for lokale med ei anna utforming som tradisjonelle butikklokale på ei sentral tomt på Vassenden.

**Spørsmål:**

1. Korleis kan fylkeskommunen i samarbeid med Sunnfjord kommune påverke ny eigar til å ivareta den gamle delen av hotellet istaden for å rive hotellet?

**Svar på spørsmål:**

Administrasjonen v/ KII-Kulturarv, har gjennomført eit orienteringsmøte med Sunnfjord kommune om Jølster hotell i samband med medieoppslag den siste tida. Kommunen, ved kommunedirektør, einingsleiar for areal og byggesak, og kommunalsjef for kultur og idrett, kunne i møte stadfeste at dette pr. i dag ikkje var ei sak som kommunen har motteke for handsaming etter plan- og bygningslova, og at eigar framleis er i planleggingsfasen. Planstatus pr. i dag er at Jølster kommune var ein av få kommunar i Vestland som ikkje har jobba planmessig med kartlegging og verdivurdering av eigne kulturminne. Sunnfjord kommune må no difor utarbeide ein samla kulturminneplan for heile den nye kommunen. Hotellet er i gjeldande kommuneplan omtalt som eit signalbygg i Jølster, men hotellet er pr. i dag ikkje omfatta av noko formelt, juridisk vern heimla i plan- og bygningslova. Vestland fylkeskommune har vore tydeleg på at det er knytt regional kulturminneinteresse til Jølster hotell og vi ynskjer vidare å vere i dialog med kommunen om prosjektet knytt til hotellet.

## Politiske saker

### PS 56/21 Verdsarvsenter i Vestland fylke

Forslag til innstilling:

1. Fylkesutvalet tek orienteringa om autoriserte verdsarvsenter i Vestland fylke til vitande.
2. Fylkesutvalet er positiv til etablering av autoriserte verdsarvsenter ved dei tre verdsarvstadane, då dette bidreg til å nå måla i *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024*, i *Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027* og i *Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*.
3. Fylkesutvalet ber om å bli halde orientert om den vidare utviklinga av arbeidet med verdsarvsentre ved Urnes stavkyrkje, Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, og Bryggen i Bergen.

### Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021

**Kjell Håland (A) og June Indrevik (H)** stilte spørsmål om dei var inhabil fordi Håland er nestleiar i Verdsarvrådet for Bryggen og Indrevik er medlem av Verdsarvrådet for Bryggen. Håland og Indrevik gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samråystes at Håland og Indrevik ikkje var inhabil. Håland og Indrevik tiltredde saksbehandlinga.

**Gunn Åmdal Mongstad (Sp)** sette på vegner av Sp, A, MDG, SV og V fram slikt forslag:

«Tillegg - nytt punkt 4

Fylkesutvalet viser til Stortingsmelding nr 35 og den nasjonale ambisjonen om å etablere verdsarvsenter ved alle dei norske verdsarvområda. Det bør ut frå dette vere rimeleg at staten også bidreg med delfinansiering av investeringskostnader for å få realisert sentra.»

### Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke.  
Mongstad sitt forslag vart samråystes vedteke.

## **Innstilling**

1. Fylkesutvalet tek orienteringa om autoriserte verdsarvsenter i Vestland fylke til vitande.
2. Fylkesutvalet er positiv til etablering av autoriserte verdsarvsenter ved dei tre verdsarvstadane, då dette bidreg til å nå måla i *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024*, i *Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027* og i *Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*.
3. Fylkesutvalet ber om å bli halde orientert om den vidare utviklinga av arbeidet med verdsarvsentre ved Urnes stavkyrkje, Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, og Bryggen i Bergen.
4. Fylkesutvalet viser til Stortingsmelding nr 35 og den nasjonale ambisjonen om å etablere verdsarvsenter ved alle dei norske verdsarvområda. Det bør ut frå dette vere rimeleg at staten også bidreg med delfinansiering av investeringskostnader for å få realisert sentra

## **PS 57/21 Havbyen Bergen**

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek rapporten «Havbyen Bergen - sluttrapport fra arbeidsgruppa» til orientering
2. Fylkestinget støtter at Vestland fylkeskommune, saman med Bergen kommune, tek initiativ til at det blir etablert eit prosjekt som får ansvar for å utvikle «Havbyen Bergen». For 2021 vert det sett av 350.000 kr. Finansiering vert sett i samanheng med sak om overskotsdisponering, rekneskap 2020.
3. Fylkestinget ber adminstrasjonen komme tilbake til fylkestinget 19. oktober med ei sak som konkretiserer samarbeidet med Bergen kommune og prosjektet Havbyen Bergen, samt vidare finansiering frå 2022.

## **Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021**

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## **Innstilling**

1. Fylkestinget tek rapporten «Havbyen Bergen - sluttrapport fra arbeidsgruppa» til orientering
2. Fylkestinget støtter at Vestland fylkeskommune, saman med Bergen kommune, tek initiativ til at det blir etablert eit prosjekt som får ansvar for å utvikle «Havbyen Bergen». For 2021 vert det sett av 350.000 kr. Finansiering vert sett i samanheng med sak om overskotsdisponering, rekneskap 2020.
3. Fylkestinget ber adminstrasjonen komme tilbake til fylkestinget 19. oktober med ei sak som konkretiserer samarbeidet med Bergen kommune og prosjektet Havbyen Bergen, samt vidare finansiering frå 2022.

## **PS 58/21 Justering av driftstilskot til kulturinstitusjonar omfatta av vedtaksfesta fordeling - romertalsvedtak i Stortinget**

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver 29 145 kroner i ytterlegare driftstilskot til Carte Blanche. Løyvinga vert dekka innanfor sektoren sitt budsjett.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver 138 928 kroner i ytterlegare driftstilskot til Teater Vestland. Løyvinga vert dekka innanfor sektoren sitt budsjett.

## **Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021**

**Geir Kjell Andersland (V) og Gunn Åmdal Mongstad (Sp)** stilte spørsmål om dei var inhabil fordi Håland er styremedlem i Bergen Nasjonale Opera (BNO) og Mongstad er styremedlem i Det Vestnorske Teater (DVT). Andersland og Mongstad gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samråystes at Andersland og Mongstad ikkje var inhabil.  
Andersland og Mongstad tiltredde saksbehandlinga.

### **Avrøysting**

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samråystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver 29 145 kroner i ytterlegare driftstilskot til Carte Blanche. Løyvinga vert dekkja innanfor sektoren sitt budsjett.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver 138 928 kroner i ytterlegare driftstilskot til Teater Vestland. Løyvinga vert dekkja innanfor sektoren sitt budsjett.

## **PS 59/21 Nyskapande aktivitetsanlegg - delegering av mynde**

Forslag til vedtak

Fylkesrådmannen får delegert mynde til å fordele midlar i vedteke budsjett for 2021 frå post 460.107, nyskapande aktivitetsarena, i tråd med vedteken prosjektskisse.

### **Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021**

**Utvælsleiar Stian Jean Opedal Davies (A)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering held hovudutvalet løpende orientert om prosjektet».

### **Avrøysting**

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samråystes vedteke.  
Davies sitt forslag vart samråystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesrådmannen får delegert mynde til å fordele midlar i vedteke budsjett for 2021 frå post 460.107, nyskapande aktivitetsarena, i tråd med vedteken prosjektskisse.

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering held hovudutvalet løpende orientert om prosjektet.

## **PS 60/21 Fordeling av tilskot til friluftsaktivitet 2021 (Kap 1420 post 78)**

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune vedtek å løyve 2 500 000 kroner fordelt slik:

Nr	Søkjær	Kommune/Område	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	4H Hordaland	Hordaland	4H Basecamp Hardangervidda - Juniorsprell	<b>avslag</b>
2	A-larm bruker og pårørende org. for åpenhet om rus og behandling	Bergen	Friluftsaktiviteter i A-larm Vestland	65 000
3	Askøy orienteringslag	Askøy	Stolpejakten Askøy	30 000
4	Askøy orienteringslag	Askøy	50 år med Turorientering på Askøy	<b>avslag</b>
5	Austrheim Ungdomsklubb	Austrheim, Alver	Friluftsaktivitet for Friskusane i Austrheim	60 000
6	Baldersheim Bygdalag	Bjørnafjorden	Prosjekt Steinavikjo	<b>avslag</b>

7	Bergen og Hordaland Turlag	Hordaland	Unge naturtalenter i Hordaland	100 000
8	Bergen og Hordaland Turlag	Hordaland	Turboklubber i Hordaland	100 000
9	Bergen og Hordaland Turlag	Vestland	Friluftsskoler i Vestland	100 000
10	Bergen og Hordaland Turlag	Hordaland	DNT Tilrettelagt i Bergen og Hordaland Turlag	70 000
11	Bergens Jæger og fiskerforening	Bjørnafjorden	Raudlia felles hjortejakt	<b>avslag</b>
12	BOF	Hordaland	Snakkast på fjorden 2021	<b>avslag</b>
13	Bømlo Idrettslag	Bømlo	Lysløype IL	<b>avslag</b>
14	Bømlo Røde Kors	Bømlo	Ønsker redningsvester til Barnas Røde Kors Bømlo	<b>avslag</b>
15	Bømlo Tur og sogelag	Bømlo	Tilrettelegging av tursti Berge-Andal	<b>avslag</b>
16	Bømlo Turlag	Bømlo	Bømlo DNT ung	20 000
17	Eikanger Idrettslag	Alver	Eikanger kulturpark	<b>avslag</b>
18	Eikefjord Idrettslag	Kinn	Trimpoeng - Eikefjord IL	<b>avslag</b>
19	Fitjar Festivalforeining	Fitjar	Trial-sykling i Fitjar	<b>avslag</b>
20	Fitjar Idrettslag	Fitjar	Stolpejakta - lavterskel folkehelsetilbud	20 000
21	Fjordane Friluftsråd	Bremanger	Friluftsskule i Bremanger	10 000
22	Fjordane Friluftsråd	Stad	Friluftsskulane i Stad	75 000
23	Fjordane Friluftsråd	Kinn/ Flora	Friluftsskulane i Kinn	10 000
24	Fjordane Friluftsråd	Solund	Friluftsskulane i Ytre Sogn	55 000
25	Fjordane Friluftsråd	Stryn	Friluftsskulane i Stryn	75 000
26	Friluftsrådet Vest	Sunnhordland	TellTur i Sunnhordland 2021 - fylkestilskudd	50 000
27	Friluftsrådet Vest	Stord, Bømlo, Kvinnherad	Friluftslivets uke - og dag 2021	50 000
28	Friluftsrådet Vest	Etne, Vindafjord, Sveio	Friluftsskule Sunnhordland 2021	5 000
29	Friluftsrådet Vest	Sunnhordland	Innføring i friluftsliv Sunnhordland	60 000
30	Friluftsrådet Vest	Sunnhordland og Nord-Rogaland	Revisjon fiskebrosjyre på nett	<b>avslag</b>
31	Friluftsrådet Vest	Sunnhordland	Basecamp Sunnhordland 2021	70 000
32	Friluftsrådet Vest	Sunnhordland	Læring i friluft Sunnhordland 2021	100 000
33	Haugen Idrettslag	Stad	Klenkarberget Sommarcamp	60 000
34	Haugesund Turistforening	Sunnhordland	Friluftsliv for alle - hele året	10 000
35	Haugesund Turistforening	Etne, Sauda, Vindafjord	Naturlosturar 2021	40 000
36	Haugesund Turistforening	Haugesund, Karmøy, Tysvær, Vindafjord, Sveio	Opptur 2021	<b>avslag</b>
37	Havstril Padleklubb	Austevoll	Padling for blinde og svaksynte	30 000
38	Heiarvang Grendalag	Askøy	Forbedret tilkomst og utforming Skjenstø	<b>avslag</b>
39	Hordaland Krins av Norges Speider forbund	Bergen og omegn	Friluftsleiren 2021	70 000
40	Hordaland Krins av Norges Speider forbund	Hordaland	Agenda 2021 Hordaland speiderkrins	90 000
41	Idrett Bergen Sør	Bergen	UtrustetUng friluftsopplæring og friluftsaktivitet	90 000
42	Jondal frivillighetssentral	Jondal	FRITT FRAM - friluftsliv for alle	50 000
43	Kalve Vel	Austevoll	Opparbeide fellesområde til fritidsaktiviteter	<b>avslag</b>
44	KFUK-KFUM i Sogn og Fjordane	Sunnfjord	Forprosjekt Elvesurfing i Sunnfjord Kommune	<b>avslag</b>
45	KFUK-KFUM i Sogn og Fjordane	Sunnfjord	Samskaping for inkluderande aktiviteter Sunnfjord	90 000
46	Leikanger Skytterlag	Leikanger	Skifelt og terrenghøp med skyting	15 000
47	Luster frivilligsentral	Luster	iNNi Luster	20 000

48	Luster Turlag	Luster	Inkluderande aktivitet i Luster Turlag	10 000
49	Norges Jeger og Fiskerforbund Hordaland	Bergen	Wild West	25 000
50	Norges Jeger og Fiskerforbund Hordaland	Bergen	TAM -Undervisningsprogram i fiske og friluftsliv	50 000
51	Norges Jeger og Fiskerforbund Hordaland	Øygarden, Samnanger	Fiskecamp for barn og ungdom	15 000
52	Norges Jeger og Fiskerforbund Hordaland	Hordaland	Kvinneaktiviteter	<b>avslag</b>
53	Norges Jeger og Fiskerforbund Sogn og Fjordane	Sogn og Fjordane	Rekruttering til jakt, fiske og friluftsliv	70 000
54	Nærøyfjorden Verdsarvspark	Aurland	Vandring og integrering	30 000
55	Naturvernforbundet Hordaland	Hordaland	Feire seiere	100 000
56	Osterøy Utvikling AS	Osterøy	Tilretteleggelse av fritidsfiske på Osterøy	<b>avslag</b>
57	Passion For Difference	Bergen	PFD organisert tur til Smøråsfjellet/ Bergen	<b>avslag</b>
58	Stiftinga Utladalen Naturhus	Årdal	Friluftsaktiviteter for FTU Årdal	20 000
59	Sande Helselag Nasjonalforeningen for folkehelsen	Sunnfjord	Gåturgruppe i regi av Sande helselag	10 000
60	Sjøsportsenteret for funksjonshemmede	Bergen	Sjøsportaktiviteter for funksjonshemmede	<b>avslag</b>
61	Sogndal Turlag	Sogndal og Leikanger	Søknad om tilskot til Sogndal Turlag sin aktivitet	10 000
62	Sogn og Fjordane Røde Kors	Sogn og Fjordane	Barn og unge som humanitære ressursar	100 000
63	Sogn og Fjordane Skogselskap	Sogn og Fjordane	Familiedag med stubbekonsert i skogen	30 000
64	Sogn og Fjordane Skogselskap	Sogn og Fjordane	Skogdag på FNs internasjonale skogdag	<b>avslag</b>
65	Sogn og Fjordane orienteringskrins	Nordfjord, Sunnfjord og Sogn	Skulesprinten og o-tolleirar	40 000
66	Sotra og Øygarden Jeger og Fiskarforening	Øygarden	Utvikling av idrettsanlegg og ungdomsarbeid	30 000
67	Stiftelsen Crux	Bergen	Turgruppen - tilskudd til friluftsaktivitet	90 000
68	Stord Rulleklubb	Stord	Aktivitetspark - Betongpark - Stord	<b>avslag</b>
69	Tysnes Turlag	Tysnes	Barnas Turlag Tysnes	<b>avslag</b>
70	Ung Bergen	Bergen	Kystmiljøpatruljen Bergen for barn og unge 2021	50 000
71	Varegg Fleridrett	Bergen	Varegg Orientering - Stolpejakt Bergen Sentrum	<b>avslag</b>
72	Voss Kajakklubb	Voss	Opplæring i friluftsliv med elvesport	30 000
73	WAYBACK Bergen - stiftelsen livet etter soning	Bergen	Friluftsaktiviteter for straffedømte	100 000
<b>Totalt</b>				<b>2 500 000</b>

Det vert vist til vedlegget med oversikt over søkjavar for grunngjeving av vedtaket.

Det er Miljødirektoratet som årleg løyver midlar til fylkeskommunane vidare for fordeling.  
Løyvingane vert dekt innanfor vedteke budsjett for 2021 frå post 460.404, tilskot friluftsaktivitet.

#### **Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021**

#### **Avrøysting**

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samråystes vedteke.

#### **Vedtak**

Vestland fylkeskommune vedtek å løyve 2 500 000 kroner fordelt slik:

Nr	Søkjar	Kommune/Område	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	4H Hordaland	Hordaland	4H Basecamp Hardangervidda - Juniorsprell	avslag
2	A-larm bruker og pårørende org. for åpenhet om rus og behandling	Bergen	Friluftsaktiviteter i A-larm Vestland	65 000
3	Askøy orienteringslag	Askøy	Stolpejakten Askøy	30 000
4	Askøy orienteringslag	Askøy	50 år med Turorientering på Askøy	avslag
5	Austrheim Ungdomsklubb	Austrheim, Alver	Friluftsaktivitet for Friskusane i Austrheim	60 000
6	Baldersheim Bygdalag	Bjørnafjorden	Prosjekt Steinavikjo	avslag
7	Bergen og Hordaland Turlag	Hordaland	Unge naturtalenter i Hordaland	100 000
8	Bergen og Hordaland Turlag	Hordaland	Turboklubber i Hordaland	100 000
9	Bergen og Hordaland Turlag	Vestland	Friluftsskoler i Vestland	100 000
10	Bergen og Hordaland Turlag	Hordaland	DNT Tilrettelagt i Bergen og Hordaland Turlag	70 000
11	Bergens Jæger og fiskerforening	Bjørnafjorden	Raudlia felles hjortejakt	avslag
12	BOF	Hordaland	Snakkast på fjorden 2021	avslag
13	Bømlo Idrettslag	Bømlo	Lysløype IL	avslag
14	Bømlo Røde Kors	Bømlo	Ønsker redningsvester til Barnas Røde Kors Bømlo	avslag
15	Bømlo Tur og sogelag	Bømlo	Tilrettelegging av tursti Berge-Andal	avslag
16	Bømlo Turlag	Bømlo	Bømlo DNT ung	20 000
17	Eikanger Idrettslag	Alver	Eikanger kulturpark	avslag
18	Eikefjord Idrettslag	Kinn	Trimpoeng - Eikefjord IL	avslag
19	Fitjar Festivalforeining	Fitjar	Trial-sykling i Fitjar	avslag
20	Fitjar Idrettslag	Fitjar	Stolpejaka - lavterskel folkehelsetilbud	20 000
21	Fjordane Friluftsråd	Bremanger	Friluftsskule i Bremanger	10 000
22	Fjordane Friluftsråd	Stad	Friluftsskulane i Stad	75 000
23	Fjordane Friluftsråd	Kinn/ Flora	Friluftsskulane i Kinn	10 000
24	Fjordane Friluftsråd	Solund	Friluftsskulane i Ytre Sogn	55 000
25	Fjordane Friluftsråd	Stryn	Friluftsskulane i Stryn	75 000
26	Friluftsrådet Vest	Sunnhordland	TellTur i Sunnhordland 2021 - fylkestilskudd	50 000
27	Friluftsrådet Vest	Stord, Bømlo, Kvinnherad	Friluftslivets uke - og dag 2021	50 000
28	Friluftsrådet Vest	Etne, Vindafjord, Sveio	Friluftsskule Sunnhordland 2021	5 000
29	Friluftsrådet Vest	Sunnhordland	Innføring i friluftsliv Sunnhordland	60 000
30	Friluftsrådet Vest	Sunnhordland og Nord-Rogaland	Revisjon fiskebrosjyre på nett	avslag
31	Friluftsrådet Vest	Sunnhordland	Basecamp Sunnhordland 2021	70 000
32	Friluftsrådet Vest	Sunnhordland	Læring i friluft Sunnhordland 2021	100 000
33	Haugen Idrettslag	Stad	Klenkarberget Sommarcamp	60 000
34	Haugesund Turistforening	Sunnhordland	Friluftsliv for alle - hele året	10 000
35	Haugesund Turistforening	Etne, Sauda, Vindafjord	Naturlosturar 2021	40 000
36	Haugesund Turistforening	Haugesund, Karmøy, Tysvær, Vindafjord, Sveio	Opptur 2021	avslag
37	Havstril Padleklubb	Austevoll	Padling for blinde og svaksynte	30 000
38	Heiarvang Grendalag	Askøy	Forbedret tilkomst og utforming Skjenstø	avslag
39	Hordaland Krins av Norges Speiderforbund	Bergen og omegn	Friluftsleiren 2021	70 000

40	Hordaland Krins av Norges Speiderforbund	Hordaland	Agenda 2021 Hordaland speiderkrins	90 000
